


Kyrkjebladet for VAKSDAL

72.ÅRG./ NR.1 - 2018



God påske!

FASTEAKSJONEN 2018
18.-20. MARS



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



SMS (200 kr) eller **Vipps** til **2426**

Min salme
Side 4

Vegen
Side 7, 8, 9, 10 og 11

- Andakt side 3
- Slekters gang side 15
- Gudstenestelista side 15-16

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL**Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3
5721 Dalekvam
Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)
E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:
Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00

Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo

Rosvold
Mobil 97 69 75 62
E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn
Mobil 90 84 06 24
E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn
Mobil: 90 19 65 14
E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Trusopplærar

Kristin Straume Audestad
Mobil: 95 76 63 79
E-post: kristin.audestad@vaksdal.kyrkja.no

Organist James Reed

Mobil: 41 22 49 31
E-post: james.reed@vaksdal.kyrkja.no

Organist Anton Proskurnin

Mobil: 48 23 29 77
E-post: anton.proskurnin@vaksdal.kyrkja.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.
Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester, konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på www.vaksdal.kyrkja.no

GATEADRESSER:

Bergsdalen kyrkje: Bergsdalsvegen 1065
Dale kyrkje: Kyrkjegata 1
Eidsland kapell: Eidslandsvegen 2014
Eksingedalen kyrkje: Sørdalsvegen 10
Nesheim kyrkje: Nesheimsvegen 31
Stamnes kyrkje: Gruvevegen 19
Vaksdal kyrkje: Vaksdalsgarden 34

#MeToo

Nei, ikkje endå eit skriv om #MeToo, ikkje endå meir tenker du kanskje. For dette temaet må de ha vore skrive nok om. Men, er dette noko som me kan få snakka nok om?

#MeToo kom for alvor på bana 15.oktober 2017, då Alyssa Milano brukte denne emneknaggen på Twitter i forbindelse med at ho skrev om at ho hadde vorte trakkert av ein av toppane i filmindustrien (Wikipedia). Det tok ikkje lang tid før dette var ein verd-somspennande bevegelse som også trefte oss her i Norge. Det viste seg fort at politikarar og andre i ledande posisjonar hadde mange svin på skogen. Dette igjen har ført til at MeToo problematikken har vorte diskutert i diverse leiarforum og deltek i, på arbeidsplassen, og elles.

So korleis stiller me oss til dette? For det er ikkje berre snakk om seksuell trakkering, men også annan utilbørleg oppførsel som til dømes mobbing, utfrysning, brot på skrivne og uskrivne reglar. Vaksdal kyrkjelege fellesråd har gått igjennom varslingsrutinane på arbeidsplassen. Det som er viktig er at om nokon føler seg utilbørleg handsama skal dei kunne sei ifrå, munnleg eller skriftleg. Den som varslar skal so føla seg trygg på at saka vert tatt opp med rette vedkommande, og at det vert gjort naudsynne tiltak.

For meg handlar det ganske enkelt om korleis oppfører me oss ovanfor dei me møter på jobben, i frivillig arbeid, og elles i kvardagen. Det som er bra med #MeToo er at det har fått underteikna til å tenkja igjennom dette. Er eg med å skape gode inkluderande og trygge miljø, der alle kan føla seg velkomne? Om me alle tørr å gå denne runden med oss sjølve, trur eg at #MeToo har vore bra for oss alle.

Bjart-Magnus N Rosvold**Fellesrådsleiarar:**

Odd Arild Faugstad
tlf. 952 65 989
e-post: oddfau47@gmail.com

Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Grethe Loftheim Dale
tlf. 992 68 128

Dale: Brith Kydland
tlf. 48 13 06 64

Bergsdalen: Herborg Holt Lid
tlf. 454 65 977

Stamnes: Bjørn Stamnesfet
tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Kjersti Vetlejord Børø
tlf. 56 59 64 19 / 957 01 608

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim
tlf. 930 54 636

Den norske kyrkja si heimeside:

www.kyrkja.no

Bjørgvin bispedømme**si heimeside:**

www.kyrkja.no/bjorgvin

Bibelen på nett: www.bibel.no**KYRKJEBLAD FOR
VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal
Bladpengar: kr 250,-
Annonsepris: kr 4,- pr. sp.
Avgiftsritt.
Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:
Kyrkjeverja i Vaksdal


Grafisk utforming:
VaksdalPosten

Kasserar:
Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,
boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:
Bodoni AS, avd. Hardanger,
Øystese
Tlf. 46 63 09 33

Retur til: Kyrkjekontoret
for Vaksdal, Pb. 113,
5721 Dalekvam

Stoff til neste nr. må vera kome inn til 4. juni.



Altartavla i Stamnes kyrkje.
Foto: A M Hoff.

Gjев oss større tru!

Slik seier lærersveinane til Jesus. Vi les om det i Lukasevangeliet, kapittel 17,vers 5.
 Tru oppstår der Jesus er.
 Vi ser det overalt i det som er fortalt om Jesus.
 Jesus gjer at menneske trur på han.
 Trua er Guds verk.
 Trua er ei gave.

Paulus repeterer dette. Han seier dette etter at Jesus er oppstanden og oppfaren til Fars høgre hand. Og då seier han det slik: Rettferda som kjem av tru seier:
«Ordet er deg nær, i din munn og i ditt hjarte. Det er ordet om trua, det som vi forkynner. For vedkjener du med munnen din at Jesus er Herre, og trur du i hjartet ditt at Gud reiste han opp frå dei døde, då skal du bli frelst. Med hjartet trur vi så vi blir rettferdige, og med munnen vedkjenner vi så vi blir frelste. Skrifta seier: Ingen som trur på han, skal bli til skamme.»
 Ordet er evangeliet om Jesus. Slik er Jesus mellom oss. Jesus er næر.

Korleis oppstår trua på Jesus?
 Svar: Ved at vi kjem til Jesus og samlast i Hans namn til gudsteneste, bibelstudium og bøn.
 Og ved at vi kjem med våre barn til dåpen, og søker Hans frelse i nattverden.

Korleis vert trua større då?
 Ordet «større» er at den held fram og vert fastare og sterkare og rikare i fellesskapet med Jesus i den kristne kyrkja.

Vi kristne i Noreg i dag treng å be denne apostelbøna:
 «Herre, gjev oss større tru!»
 Og Jesu svar på bøna er kallet til å vera mykje saman med han.
 Altså: Ver til stades der Jesu Ord og sakrament er!
 Gå til gudsteneste!
 Gudstenesta er navet i kyrkjelyden.
 Ordet om Jesus - evangeliet - er skaparkrafta.
 Jesus seier: Kom til meg!

Med venleg helsing Jostein Skutlaberg

Vikarprest i Vaksdal hausten 2017

Snart påske - ha ei velsignna høgtid!

Han er oppstanden. Halleluja!
 Lov ham og pris ham! Halleluja!
 Jesus, vår Frelser, lenkene brøt.
 Han har beseiret mørke og død.

Omkved:
 Lov ham og pris ham, vår Frelser og
 venn,
 han som gir synderen livet igjen!
 Halleluja! Vi skyldfrie er.
 Halleluja! Vår Jesus er her!

2 Tre dager dødens fange han var
 før han stod opp og seiren var klar.
 Tvers gjennom gravens stengsel han gikk.
 Frelse og fred ved Jesus vi fikk.
 Omkved

3 Engelen ropte: Frykt ikke mer!
 Han som du søker, er ikke her.
 Se der er stedet hvor han ble lagt.
 Han har stått opp - som selv han har sagt.
 Omkved

4 Gå og fortell at tom er hans grav.
 Livet han vant, da livet han gav,
 gav det for oss og kjøpte oss fri.
 Frelse og fred han alle vil gi.
 Omkved

T: Bernhard Kyamanywa (f. 1938)
 O: Howard S. Olson 1969/Anne M. Brodal
 1979
 M: Melodi fra Tanzania

Min salme

Her er mitt bidrag til salmestafetten:
Med Jesus vil eg fara.

Denne salmen skreiv Elias Blix i 1875 og vart første gongen gjeven ut i heftet «Nokre salmar III» som kom ut same året.

Denne salmen seier viktige ting om trua og om livet. Om eg lever eller dør høyrer eg Herren til. Om eg er glad eller sorgfull kan eg koma til han. Når eg går med Jesus i hjarta kan ingen ting skilja meg frå Gud sin kjærleik. Det gjev tryggleik i livet, og kraft til å klara kvardagane når ein går saman med Jesus på livsvegen. Han lyser opp sjølv når dagane er myrke og tunge. Han er ein ven eg kan seja alt til ein slepp å gå áleine på ferda. I brudlaupet mitt song ei vennine denne songen i kyrkja, det varma hjarta mitt.

Dette var nokon tankar frå meg.
Helsing Inger-Marie Lavik.

Norsk Salmebok nr. 419

T: Elias Blix 1875

M: Antwerpen 1540/Norsk folketone (Sunnmøre)

1. Med Jesus vil eg fara
på livsens ferd i lag.
Gud, lat den samferd vara
alt til min døyand dag!
Det er mi høgste æra,
det er mi største ros,
hans fylgjesvein å vera
og vandra i hans ljos.

2. Min Jesus, sannings stjerna,
lys opp min mørke veg!
Mitt hjarta vil så gjerna
få fylgja etter deg.
Du lyser enn i verdi
som før frå Betlehem.
Ver du mitt ljos på ferdi,
til heim med deg eg kjem!

3. Min Jesus, gjævast givnad,
min eignalut og skatt!
I all min gang og livnad
meg støtt for auga statt!
Som vesle blomen trugen
ser opp mot sol og dag,
til deg så vender hugen,
til deg kvart andedrag.

4. Min Jesus, Sarons lilja,
blom fagert opp i meg!
Lat ingen ting meg skilja
og riva bort frå deg!
Du vin-tre i Guds hage,
min kjære Herre Krist,
unn også meg den lage
å veksa som din kvist!

5. Du til di grein meg sette
alt i min fyrste vår,
med livsens dogg meg vætte,
gav sol og signa år.
Du vil og vokster gjeva
alt til min siste slutt:
lat meg i deg få leva,
i deg få anda ut!

I salmestafetten ynskjer Inger-Marie å
utfordre svigerinna si, Ågot Lavik.



Stort smil: Innocent Nigindu elskar jobben sin i flyktningeleiren i Dundo i Angola. Han er sjølv flyktning frå Kongo, og set pris på å kunne jobbe for Kirkens Nødhjelp med å hjelpe andre som har flykta frå same konflikt.

Flyktningen som vart hjelpearbeidar

– Vatn er sjølve livet, seier Innocent Nigindu. Han flykta med familien frå ein blodig konflikt i Kongo. No er han ein stor ressurs for Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i flyktningeleiren der han hamna til slutt.

– Utan vatn finst ikkje noko. Vi treng det til å vaske oss, lage mat og drikke, så den jobben eg gjer her er eg verkelig stolt over, smiler Innocent. Namnet hans tyder «uskuldig», men det er inga uskuld å finne i flukthistoria hans. Først måtte han flykte då soldatar kom til byen der han jobba. 85 prosent av dei som var i byen vart drepne, hevder Innocent.

Han flykta mot byen der han og familien budde, men etter to dagar kom soldatane dit og. Det skulle syne seg at den beste løysinga var å flykte til nabolandet Angola, litt lengre sør i Afrika.

Koordinator i flyktningeleiren

Til slutt hamna han og familien i flyktningeleiren Kakanda der Innocent etter kvart fikk seg jobb som koordinator for Kirkens Nødhjelp. No passar

han på at vatnet alltid er reint, at søpelet vert tömt, og at toaletta vert vaska.

– Eg får brukte evnene og røynsla mi til å hjelpe, og det er flott å kunne støtte Kirkens Nødhjelp. Eg er kristen, og for meg er det viktig å kunne hjelpe andre med dei evnene og midlane eg har for handa, seier Innocent.

Han får ei lita løn for jobben han gjer, men mykje av drivkrafta er ynskje om å gjøre noko godt for andre. Han veit betre enn dei fleste kor viktig reint vatn er, for under flukta var det ofte at han ikkje kunne drikke. Og som mange andre i leiren har han vore sjuk fordi han har drukt ureint vann.

Innocent er ein av mange som kvar dag jobbar for Kirkens Nødhjelp. I landsbyar, byar, flyktningleirar og kriseområder i ei rekke land rundt om i verda jobbar Kirkens Nødhjelp for å sikre tilgang til reint

vatn, trygge toalett, energi og mykje anna. For at maskineriet skal fungere treng ein hjelpearbeidar som Innocent.

Avhengig av hjelpe for å hjelpe

Men for at maskineriet skal fungere trengs det også hjelpe frå norske frivillige. Folk som ikkje er på flukt, men som i likskap med Innocent har eit engasjement og kompetanse til å gjøre ein skilnad. Kvart år er tusenvis av slike frivillige med på å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid gjennom Fasteaksjonen.

Og det er nettopp desse pengane som gjorde det mogleg å starte opp arbeidet i Nord-Ansola, raskt og effektivt. For Innocent og over tusen andre flyktningar i leiren har det vore livsviktig hjelpe. I år og skal frivillige over hele Noreg vere med på å samle inn pengar til brønnboring, latrinebyg-

ging og andre tiltak som reddar liv rundt om i verda.

Du kan og bidra når kyrkjelydane i Vaksdal skal gjennomføre årets aksjon. Det kan du gjøre ved å ta imot bøssebærarane som kjem på døra om ettermiddagen tysdag 20. mars, gje pengar i ei gudsteneste i påska, eller sende pengar via Vipps.

Det kjem konfirmantar, konfirmantforeldre og andre rundt på dørene i Vaksdal, Dale og Stamnes sokn. I løpet av påska vert det teke opp takkoffer i gudstenestene i Eksingedalen kyrkje (Palmesøndag) og Nesheim kyrkje (Påskedag).

Fornying på Fagertun

I løpet av hausten og vinteren er det gjort ein del arbeid på Fagertun. Det er komme forlenga tak over plattingen på framsida og det er komme tenlege overbygg over inngang til kjøkken og matsal.

Det største prosjektet er likevel oppussing av store delar av kjellaretasjen; matsal, toalett, boder og gang. Her vart det meste av tak, veggar og golv rive ned før jul, og oppbygginga er godt i gang. Spesielt golvet var i dårleg stand grunna fukt, og det er no støypt nytt golv med varmekablar. Dei gamle toaletta og bodene vert gjort om til eit rom med universal utforming som inneheld WC og dusj, i tillegg til to nye boder og eit mindre toalett. Her vert alt nytt og tenleg til vidare bruk. Matsalen vert også fornya gjennom nytt golv og nye veggger.

Når det går mot slutten av februar, er mykje arbeid lagt ned og ein ser korleis dei nye romma vert. I tillegg til mystøpt golv med varme, er veggar og tak for det meste ferdig. Nytt golvbelegg er bestilt og då er det sluttarbeidet med toaletta og listing som står att. Elektrikararbeid og rørleggararbeid skal også ferdigstillast, og tidsplanen er at alt skal stå klart til bruk rett etter påske. Før den tid er det mykje vaskearbeid som skal gjerast og alt skal flyttast på plass att. Det vert utruleg kjekt å kunne tilby moderniserte og fine lokaler til dei første leirane som skal vera etter påske.

I samband med denne fornyinga av Fagertun vert det lagt ned mykje dugnadsarbeid, og dette er ei viktig årsak til at prosjektet kan gjennomførast. Men materialer og ein del fagarbeid gjer at dette også er eit økonomisk løft. Ei slik fornying av Fagertun er i stor grad basert på gåveinntekter, og det er allereie mottatt ein god del gåver til prosjektet. Men det er fortsatt behov for gåver for at ein skal komme i land økonomisk. Og når ein



Frå venstre Inge Augestad og Oddvar Fosse.



Nye og betre toalettforhold



Ny kjøkkeninngang.

gjer eit så stort rehabiliteringsarbeid, så dukkar det også opp ting underveis som ein ser skulle vært gjort i same omgang. Dette gjeld nytt golvbelegg på kjøkkenet og ikkje minst nytt sikringsskap. Spesielt det siste vert ei større tilleggsinvestering, men samstundes er det mange gode grunner til å gjera dette i same omgang som sjølve rehabiliteringa av underetasjen.

Det er mange som har vore på leir på Fagertun i løpet av desse åra dette tilbodet har eksistert, og ein får stadig tilbakemelding frå godt vak-

sne personer som har gode minner fra leirar på Fagertun. I dei seinaste åra er det spesielt barneleirar som har hatt mange deltakrar, og her har det til tider vært ventaliste. Konfirmantleirane for kyrkjelydane i Vaksdal har vore på Fagertun i mange år, og ein nyoppussa kjellaretasje vil vonleg gjera slike opphold endå meir trivelege framover. Fagertun vert også leidt ut til lag og grupper som ynskjer nokre fine dagar i Eksingedalen.

Bergen krins av Norges Samemisjon eig og driv Fager-

tun. Ein er fortsatt avhengig av økonomiske støttespelarar, og håpet er at folk i kommunen ynskjer å vera med på det som skjer på Fagertun. Det trengs forbedrarar for leirarbeidet og det trengs gjevarar.

**For styret for
Fagertun leirstad
Jostein Rene**

Har du lyst til å støtte
Fagertun økonomisk,
kan gåver sendast til
konto nr. 3530.25.26913



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølvsagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg *Vegen i Vaksdal* på Facebook!




Tårnagenthelg i Vaksdal Kyrkje

Andre helga i februar var ein fin gjeng 2.klassingar frå fleire bygder i kommunen samla i Vaksdal kyrkje, for å bli tårnagentar! Fyrst måtte alle gjennom ein labyrint, for å koma fram til der dei fekk agentkortet sitt - med eige fingeravtrykk sjølvsagt! Med agentkort rundt halsen og ein eigen agentbevegelse på plass, vart dei delte inn i grupper, og fekk ulike oppdrag dei skulle løysa, som å laga tårn! Det dukka òg opp ein mystisk fyr i svart frakk med melding frå sjefen... Spennande! Til middag fekk gjengen «flaggermus-suppe», som faktisk gjekk ned på høgkant hjå dei aller fleste. Så øvde dei på den fengande tårnagent-songen og planla gudstenesta. På søndag var alle flinke tårnagentane i aksjon anten med song, drama eller andre oppgåver under gudstenesta. Etterpå var det tårnagentis, forma som eit tårn sjølvsagt!



Agentane øver på tårnagentsongen.



Mystisk agent kom med melding frå sjefen.

Lys Vaken i Dale kyrkje



Ellevåringar frå Dale sokn fekk NT på Lys Vaken-gudstenesta. Foto Brith Kyland

I sluttan av januar inntok fleire av årets ellevåringar Dale kyrkje, og overnatta der. Dei var nok spente då dei kom til kyrkja, for fyrste gong med sovepose! Men opplegget fenga, og det vart eit kjekt lite

døger i kyrkja. Dei var gjennom ulike aktivitetar, blant anna laging av Kristuskrans (armband), og førebuing til gudsteneste. Og så fekk dei god mat sjølvsagt! Under gudstenesta søndag var dei fleste borna

involvert på ulikt vis, og dei verka til og med lys vakne, trass sikkert litt mindre søvn enn vanleg! På denne gudstenesta fekk òg årets ellevåringar frå Dale sokn utdelt Nytestamentet.



Bratte trapper opp til tårnet i Dalekyrkja. Foto Brith Kyland

Babysong, Lunsjtreff og Småbornssong på Dale

Me er i gong med babysong, lunsjtreff og småbornssong igjen (sjå datoar lenger bak), og fyrste samling i bedehuset på Dale i starten av februar var veldig kjekk, og godt besøkt! Det varierer alltid kor mange som kjem på samlingane, men over ti babyar fyrste gongen var ikkje langt frå ny rekord i alle fall. Det verkar som både små og store kosar seg ilag, og det gjer Kristin òg! Det vert servert kaffi og te/kakao, og litt frukt og kjeks, og så har ofte foreldra med litt mat sjølv òg, til det uformelle lunsjtreffet mellom samlingane. Babysong er tilrettelagt mest for dei under eitt år, og småbornssong mest for dei over eitt år, men det har gått fint både med litt større born på babysong og med babyar på småbornssong, så det går godt an å koma på den samlinga som passer best i hove søvn.



Om nokon sutrar litt på slutten av babysongen, forsvinn tårene kjapt når me hentar fram såpeboblene



Det myldrar godt på småbornssongen

Barnekor på Dale

Siste datoen i januar starta trusopplærar Kristin og kantor Anton opp med barnekor tilrettelagt for born 4-8 år. Dei var veldig spente på om nokon dukka opp i det heile teke, Kristin hadde teke med eit par eigne born for sikkerheits skuld, men der dukka det jo opp rundt 20 born som ville prøva å syngja i kor! Veldig kjekt, òg at dei kom frå fleire bygder i kommunen. Korøvingane inneholdt i tillegg til syning også ein liten andakt, leik og lyttenning på slutten. Og sjølvsagt saft til borna heilt til slutt, slik som dei har hatt tradisjon for i Stamnes barnekor, som du kan lesa om under. Dei fyrste tre samlingane har vore veldig kjekke, synest Kristin og Anton!




Nokre av dei som har vore med på barnekorøvingar på Dale

Baby- og småbornssong på Stamnes

I skrivande stund har det vore ei samling med baby- og småbornssong i Stamnes bedehus. Kjekk samling, og det er alltid kjekt når vår medhjelpar Erna finn fram kaffi og frukt etter at me har sung! Desse samlingane er ein måndag i månaden, og det er ope for born fra alle bygder. I det siste har det vore innom born fra både Eksingedalen og Vaksdal, veldig kjekt at nokon tek denne bilturen for å vera med og syngja med oss!



Kjekk gjeng som deltek på samlingar på Stamnes òg!



Konsert og basar med Stamnes barnekor

Barnekoret og soknerådet på Stamnes arrangerte minikonsert og basar 15.februar, på den siste ordinære øvinga for barnekoret denne sesongen. Me var spente på kor mange som kom på arrangementet, sidan dette var heilt nytt av året. Jammen vart bedehuset nesten fullsett i byrjinga, og det var kjempefint! Koret har hatt over 20 born på enkelte øvingar, men midt i influensa-bølgja i bygda, var det flott at om lag 15 born stilte i koret! Først song barnekoret mange songar, før Liv (ein av leiaraane) delte ut diplomar, pins og smykke til deltakarane. Koret er med i organisasjonen Ung Kirkesang, og ein har utmerkelsesar til alle deltakarar etter kor mange år dei har vore med. Ein av songane er om eit «Bitte-lite frø», og Soknerådet hadde på lur ei pakke solsik-

kefrø til kvar av borna. Etter dette, heldt Frode Kvamsøy andakt til oss, om kor flott og bra det er for oss at me kan bet til Gud om alt. Frode avslutta med å få oss med på å syngje ei kveldsbøn, før me sette i gang med eit åresalg med gevinstar særlig mynta på born. Etterpå kunne alle forsyna seg av kveldsmat som foreldra til barnekor-medlemane hadde smurt, og kaffimat for dei som ville ha det. Så var det to åresalg til, før gevinstane på loddboekene vart trekte. Og til slutt, -etter at alle dei yngste var gått heim, tok soknerådet seg av oppryddinga!

Folk i både Stamnes- og Eidslandsbygdene hadde vore skikkeleg rause med å gje gevinstar til basaren, og dette takkar Soknerådet hjarteleg for! Me takkar også styret for bedehuset, som hadde gitt



Ein fin gjeng fekk diplom for deltaking i barnekoret på Stamnes.

«naboane» i kyrkja velviljig tilpassa leige av huset til arrangementet. Takk for god kveldsmat til barnekor-forældre, og takk for fin konsert til barnekoret, samt Hege og

James som dirigerer og spelar piano! Og lurer nokon på økonomisk resultat for soknerådet: vel 21 000 kr fekk ein inn til kyrkjelydsarbeidet. Takk alle saman!

Nytt omgrep: Kor-sokkar!

Stamnes barnekor har øvingane sine i Stamnes bedehus. Me brukar alltid å ta av oss skoa i gangen, men på vinterstid kan det verta litt kaldt på beina når golvet er kaldt. Difor har koret no ei korg full av fargerike strikkelabbar i alle storleikar, som alle kan låna av under øvinga. Einaste ulempa er at det vert litt glatt når me spring på golvet under leike-økta på slutten av øvinga. Men det er jo like glatt for alle, så det vert heilt rettferdig! Det er ho Astrid Flesland, som no bur i Sveabrekko, som har strikka alle sokkane. Me sender ein varm tanke til henne!



Kva skjer på VEGEN framover?

Borna sin påskedag

Onsdag 21.mars kl 17-18.30 vert det Borna sin påskedag i Dale kyrkje, som ei markering av siste barnekorøvinga på Dale. Gjennom ulike postar vert ein ført på ganske konkret vis gjennom sentrale dagar i påska. Barnekoret deltek med song, og årets sjuåringar er spesielt inviterte, men dette er eit arrangement ope for alle! Etterpå et me kveldsmat ilag, så det kjem til å vara litt lenger enn ei vanleg korøving, men samtidig er borna mette når dei kjem heim.

Barnekor på Vaksdal

Etter påske, frå onsdag 4.april, flyttar barnekorøvingane frå Dale til Vaksdal kyrkje. Håpar mange fylgjer med, men reknar med at ein del born av praktiske grunnar kjem til å gå mest på øvingane som er i deira bygd. Koret er altså mest tilrettelagt for born 4-8 år, men ope for å prøva òg for born litt under og over denne aldersgruppa. Velkommen til øvingane, som er onsdagar kl 17 -18 i april og mai, med unntak av 16.mai.

Ungdomsleir for 7. -9. klassingar

13.-15. april vert det ungdomsleir for 7. - 9. klasse, på leirstaden Fagertun i Eksingedalen. Denne leiren vart først arrangert i fjor, og dei som var med fekk ei kjekk helg saman! Det vert ulike aktivitetar tilpassa aldersgruppa, men òg tid til brettspeling og andre sosiale aktivitetar. Meir info og påmelding til vegen@vaksdal.kyrkja.no

Baby- og småbornssong i Eksingedalen

Søndag 15.april kl 11 vert det baby- og småbornssong for born 0-5 år i Eksingedalen kyrkje, slik me har hatt nokre gongar no, med god suksess! Meir informasjon i invitasjonen som kjem til borna i dalen når det nærmar seg.

Gudsteneste på Skipshelleren - femåringar inviterte

På Kristi Himmelfartsdag (i år torsdag 10.mai) er det som vanleg gudsteneste på Skipshelleren på Straume. Til denne gudstenesta vert årets femåringar spesielt inviterte til å vera med. Sjølvsagt saman med familien sin. Det vert først ei enkel utegudsteneste som i år vert ekstra tilpassa borna. Etterpå er det grilling av pølsjer, og leikar for både små og store. Dette pleier å vera ein kjekk dag for dei som tek turen, så me håper endå fleire nyttar høvet i år!

Tankar frå trusopplæraren

For å vera ørleg, er eg litt tom for tankar i skrivande stund. Dette er ein sjeldan tilstand for meg, og den varar nok ikkje, men eg nyt det enn så lenge. Og slenger i staden litt gamle tankar inn, i form av eit dikt som eg skreiv som ei helsing til babysong-mødrene for litt over eit år sidan.

Mamma

Eg ser ned på deg, og du ser opp på meg
med auge som glitrar, du er nydeleg
og inni meg veks det eit godskummelt ord
for endeleg : Eg er blitt MOR

Mamma, ja det er mitt nye namn
eg håpar å vera ei varm og trygg hamm
ei fyrlykt, eit vegskilt og ei som går med
så ingenting vondt nokon gong vil deg skje

Eg veit det vert tøft, for kvar natt og kvar dag
ligg ansvaret der, og du legg jo beslag
på tankar og draumar, og ofte mitt fang
krev trøyst, gjerne kos, mest alltid ein song

Med åra så skjørnar eg sakte at eg
slett ikkje alltid kan verna om deg
ting kan jo skje, som eg ikkje rår med
men eg prøver å visa kor elskar du e`

For fort vert du større, og eg må forstå
at eg ikkje alltid ved sida kan gå
alt er ikkje lenger kun opp til meg
du krev at eg stille skal lytta til deg

Så ynskjer du fridom, dreg røtene opp
og faldar deg ut frå din heimtrygge knopp
Eg står her tilbake og undrast slik på
kvar tida vart av, eg kan ikkje forstå

Eg ventar, eg lengtar, og kvar dag eg ber
om at du går trygt, ingen vonde ting skjer
og så ein dag står du på trappa igjen
med nye erfaringar, og med ein venn

Eg ser på deg grundig, ser at du forstår
kvifor stemma mi verkar litt ullen og sår
og brått i eit glimt når du smiler til meg
så ser eg meg sjølv der ein stad inni deg

Det var ei forgjeves, all song og all trøyst
du ber det med deg, min klem og mi royst
og når du ein gong syng for dine om litt
kling roysta mi med, inni hovudet ditt



Kristin

VÅR 2018

BABYSONG, LUNSJTREFF OG SMÅBORNSSONG

VELKOMEN TIL SAMLINGAR TORSDAGAR:

kl. 10-11: BABYSONG (0-ca 1 år)

*Opplevingsrike samlingar for dei minste. Kom og prøv!
Kaffi og prat først, sjølvé opplegget startar 10.15. Det går fint å ta med større sysken.*

kl. 11-12: LUNSJTREFF (0-5 år)

Fin og uformell møteplass for babyar, småborn og småbornsforeldre. Me har kaffi/te, ta med niste!

kl.12-13: SMÅBORNSSONG (1-5 år)

Opplevingsrike samlingar for småbarna. Babyar kan vera med på desse samlingane òg, men ein tilrettelegg mest for dei som er større.

Dale bedehus desse torsdagane:

1.feb, 8.feb, 15.feb, 1. mars, 8.mars, 15. mars, 22.mars

Vaksdal kyrkie desse torsdagane:

5.apr, 12.apr, 19.apr, 26.apr, 3.mai, 24.mai, 31.mai

Det er også baby- og småbornssong i kjellarren i Stamnes bedehus. Tid: kl.10-12 Datoar: 5.feb, 5.mars, 9.april, 7.mai. Her er alle born mellom 0 og 5 år hjarteleg velkomne. Ta gjerne med niste.

I sakristiet i Eksingedalen kyrkje skal me ha baby- og småbornssong for born 0-5 år ein gong i vår: 15.april kl. 11-12. Det er kyrkjekaffi etterpå, saman med dei som har vore på gudstenesta.

Alle samlingane vert leia av trusopplærar Kristin Straumestad.
Meir info på Facebook- gruppa Babysong, lunsjtreff og småbornssong i Vaksdal.

Salmeslaget

Fyrste laurdagen i februar var konfirmantane i Vaksdal og Modalen samla til Det store salmeslaget i Samfunnssalen på Vaksdal. Så mykje «slag» var det heldigvis ikkje, men det var mykje salmesong!

Konfirmantane var delt inn i grupper, og kvar gruppe fekk tildelt ei salme som dei skulle øve inn og framføre på laurdagskvelden. Øvinga tok eigentleg til i haust, men det meste skjedde den siste halvanna veka før konserten. Og sjølvle laurdagen starta konfirmantane frå morgonen av, til finøving, undervisning, mat, fritid - og altså konsert om kvelden. Målet med dette prosjektet var å gjere konfirman- tane meir kjente med salmane våre, slik at dei til dømes kan vere meir med å syngje under gudstenestene.

Dette var femte gongen Sal- meslaget vart arrangert, og som før var det kantorane Olav Arne og Tone Synnøve Steinkopf som sto i spissen for arrangementet. Dei er ikkje lenger tilsette i Vaksdal, men bur framleis på Stanghelle, og me var glade for å ha dei med oss i år og. Olav Arne står bak arrangementa av salmane, og leia bandet. Der var mellom andre dottera Oda Kristine med, likeeins vår nye organist Anton Proskurnin. Tone Synnøve hadde hand om fellesøvingane, og var gjestediri- gent for Kilden. Dei song ein song i konserten og var elles med - 2-3 om gongen - som «baksongarar» for konfirman- tane. Kvar konfirmantgruppe



Kari, Mats, Emilie, Lisa, Magnus og Martine var i gruppa som fekk flest røyster. Dei song «Syng i stille morgenstunder»



Grunna forfall vart Natalie og Hilde åleine i si gruppe. Men det stoppa dei ikkje! Ein vart imponerte over at dei våga - og dei var og vinnarar på eit vis den kvelden



Konfirmantane fekk og opplæring i korleis dei kunne føre seg - danse - på scena.

hadde ungdomar som coacha dei. Dei fleste av desse er elev- ar ved Kongshaug Musikk- gymnas, og hadde som opp- gáve å hjelpe konfirmantane med å lage eit «sceneshow» og øve inn sjølv salma, samt hjelpe til under framføringa. Sokneråda var engasjerte med matservering, vakthald og

rydding, og det var om lag 175 menneske samla i Samfunn- salen denne laurdagskvelden.

Eit dommarpanel gav re- spons etter kvar framføring, og dei og publikum fekk røyste på den framføringa dei lika best. Sjølv om den eine gruppa vart kåra til vinnar, var eigent- leg alle gruppene vinnarar.

Mange av konfirmantane trudde nok ikkje på førehand at dei dei skulle like å stå på ei scene og synge salmar med mikrofon i handa og full lys- setjing! Eller gjere «moves» til salmesong! Men det gjorde mange av dei - så takk for inn- satsen, konfirmantar.

Frode Kvamsøe

V I N G

- › anna kvar fredag kl 18.30 - 20.30
- › i Dale bedehus
- › for dei som går i 5, 6. og 7. klasse

23. mars: Hobby

06. april: Spel og bingo

20. april: Bowling i Modalen (avr. 18.00)

04. mai: Rebus

KUL: Anna kvar fredag kl. 20-23. Frå 7. klasse

Vaksdal Kristelige UngdomsLag (KUL) starta opp igjen med Nattkafe frå hausten 2017.

Me samla 12 leiarar på planleggingsmøtet, og entusiasmen var stor.

Me har samlingar for ungdomane annankvar fredag klokka 20.00 - 23.00.

Aldersgrensa har me satt frå 7.trinn og oppover.

På samlingane har me kiosk med sal av pizza, brus og litt snop. Me har biljardbord, bordtennisbord og ulike brettspel som kan brukast fritt. Som oftast har me også ein aktivitet og me har andakt.

Stort sett har me samla mellom 10 og 20 ungdomar på Nattkafeane, og dei fleste er i alderen 12-14 år. Det er alltid tre vaksne leiarar til stades på samlingane.

Me har god plass til fleire ungdomar, og håper at tilbodet vil bli godt brukt framover.

Bli med!

«Spør ikkje kva landet ditt kan gjere for deg, men heller kva du kan gjere for landet ditt». Omtrent slik sa John F Kennedy det då han vart sett inn som president i USA i 1961. Det var visst ikkje noko han sjølv hadde formulert, men det var han som gjordeorda kjent.

Desse orda vil eg vri litt på og seie. «Spør ikkje kva kyrkja kan gjere for deg, men kva du kan gjere for kyrkja». Det vide omgrepene «kyrkja» brukar eg her som eit ord for gudstenesta. Mitt inntrykk er at me menneske meir og meir spor oss kva me får att for det me er med på. Og me held meir og meir på med det me synes me sjølve får mest att for.

Kva får me att for å gå til gudsteneste? Det vil vere ulikt frå menneske til menneske, frå gudsteneste til gudsteneste, og frå ein dag til ein anna - avhengig korleis me har det med oss sjølve og dei rundt oss. Nett kven og kor mange som spør direkte etter kva kyrkjelyden kan gjere for dei veit eg ikkje. Heller ikkje kor mange som spør nett kva dei får att ved å gå til gudsteneste. Men eg er oppteken av å formidle at det å delta i gudsteneste ikkje berre handlar om meg sjølv og kva eg får att for det. Det handlar vel så mykje om kva andre får att ved at du og eg kjem.

Å gå til gudsteneste før i tida kunne vere noko ein meir eller mindre gjorde av tvang og plikt. Men og til dømes for å møte andre menneske, høre kven det vart lys til ekteskap for, diskutere aktuelle saker og sikkert mykje anna. I dag møtes menneske på fleire og ulike vis. Bur dei spreidde kan dei møtast ved hjelp av telefoni eller internett.

Gudstenesta kan ikkje konkurrere



som underhaldning, det skjønar eg. I alle høve ikkje viss ein kjem for å høye «sin» musikk, sjå kjendisar, le mykje eller bli underhalde på andre vis. Så viss ein vil vere med på eit show av ein eller anna sort er nok ikkje kyrkja den rette staden.

Eg trur: Gudstenesta vil opplevast annleis enn ho ofte gjer i dag viss dei kjem, alle dei som skulle vore der. Og med dei som «skulle vore der» meiner eg alle dei som trur på Jesus og som med det hører til i den kristne fellesskapen. Og gjerne alle som vil finne ut meir om Jesus og kven han er. Alle som er døypte og som sjølve har døypt borna sine har og sin naturlege plass

der. Når fleire kjem saman vil det bli som med glohaugen: Når glørne ligg spreidd har dei liten effekt, men når dei vert samla saman gjev dei kvarandre meir varme og styrke - og sender ut meir varme og styrke. Slik kan me godt tenkje om gudstenesta og den kristne fellesskapen: Ved å vere med i han både får me noko og me gjev noko - altså gjev noko til dei andre som er med berre ved at me er der. Så tenk viss alle dei som trur på Jesus kom saman til gudsteneste! No les du dette i eit blad knytt til Den norske kyrkja, men eg vil ikkje avgrensa dette berre til våre kyrkjelydar - så finn du deg andre fellesskap du kjenner deg meir heime i er det berre greitt. Gå der, ta i mot fellesskap - og gje fellesskap.

Spør altså ikkje kva fellesskapen kan gjere for deg, men kva du kan gjere for han! Ditt bidrag er viktig, sjølv om du kan hende ikkje tenkjer slik om deg sjølv no. Du er utsatt for fellesskapet, ingen kan ta din plass. Fellesskapet treng deg og. Det er som i familien og slekta: Når einkvan ikkje er der når dei samlast, då står stolen tom. I Brevet til Hebreane (10, 25a) vert me og minna om dette: Lat oss ikkje halda oss borte når forsamlinga vår kjem saman, som nokre har for vane, men lat oss setja mot i kvarandre.

**Med helsing
Frode Kvamsøe**

Har du slekt gravlagt på Osterøy?

Kyrkjeleg fellesråd på Osterøy har i det siste sett ut små røde lappar på mange graver, der vi etterlyser kontaktperson/ein ansvarleg for gravene. Vi har mange eldre graver på Bruvik, der vi trur etterkomarane bur på andre sida av Sørfjorden. Er du ein av dei som har ei grav på Bruvik eller på ein annan gravplass på Osterøy? Det er fint om vi kan få registrert kontaktperson,

og etter kvart få ei avklaring på om de vil behalde grava.

For kyrkjeleg fellesråd er det viktig å kunne få kontakt med familien, om det t.d. er ein gravstein som har velta eller vi vil varsle når tida for fri grav går ut etter 20 eller 30 år.

Du kan ringje inn på 56 19 22 80 eller sende ein epost til kyrkje@osteroy.com

mune.no.

Vi treng vite kva grav det gjeld (namn på gravlagt og kva år gravlegginga var) og namn og adresse til den som vil stå som kontaktperson.

Edvin Bratli, kyrkjeverje

Prestebudstaden på Vaksdal er no bygd om

Vaksdalsgarden 10 er adressa til tidlegare prestebustaden på Vaksdal. I høve at buplikta vart oppheva for prestane, flytta sokneprest Edvard Bø ut av bustaden sommaren 2016. Sidan då har den kommunale bustaden som er kommunal stått tom.

Kommunen har no fått utbedra bustaden, som ikkje lenger er tiltenkt som prestebustad. Han vart ferdigstilt og overlevert kommunen i veke 7. Torstein Mehus, som har vore prosjektleiar i kommunen, kan fortelje at huset no har vorte delt i to husver

med ny ingang frå baksida til øvre etasje. Oppe har dei pusaa opp bad, malt veggar og lagt nyt golvbelegg. I første etasje er det pussa opp og lagt inn bad og kjøkken.

Det var tidlegare sagt at kommunen hadde planar om at mindreårige flyktingar skulle inn i huset. Så stoppa det opp med flyktingestraumen, og planane vart endra. Mehus fortel at det no vil flytta inn folk i underetasjen allereie om lag 1. mars. Kva tid det kjem innflytting i hovedetasjen er enno ikkje avklara.

Edvard Bø



Rett namn på rett person!

I førre nr av Kyrkjebladet fekk somme feil eller ufullstendig namn. Det gjeld konfirmantjubilantane på Stamnes, avbilda på side 16.

Nr. ein frå venstre bak er Mons John Stamnes, nr. tre er Geir Høvik, og nr. fire er Grete Jorunn Dyrvik Tellevik.

...pssst...

Konsert med Olav Arne og Tone Synnøve!

Laurdag ettermiddag under Daledagane vert det ein konsert med - og for - våre tidlegare kantorar Olav Arne og Tone Synnøve Øygard Steinkopf.

I tillegg til dei sjølv deltek eit prosjektkor Tone Synnøve har i Møre, Kilden, og andre songarar og musikarar. Meir informasjon kjem nærmere Daledagane, men staden er Dale kyrkje, og datoene er 2. juni.

FASTEAKSJONEN 2018
18.-20. MARS

SMS (200 kr) eller Vipps til 2426

KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Nordhordland Begravelsesbyrå AS



AVD. VAKSDAL:

Ann-Elin M. Gullbrå • Tlf. 56 99 25 70

ME GÅR SAMAN MED DEG HEILE VEGEN.
PLANLEGGING - BLOMAR - GRAVSTEIN

Tlf. 56 37 14 10 • post@nordh-bb.no • www.nordh-bb.no

ATLANTIS VVS & INTERIØR

Din lokale Rørlegger i Vaksdal

€ 95 97 17 00



Alt innan tømrararbeid

Tlf. 922 65 739

post@falkangerbygg.no

Falkanger Bygg er
forhandlar av Idéhus
Sjå idehus.no



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet

56 59 89 34



Vi har stillas
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680



Liv Anne's AS

Kafé – Bakeriutsalg – Catering
5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle
Kaldtbord
Snitter

- Minnesamvære:
 • Dekking
 • Mat
 • Servering



Opningstider:
Mån-laur 8-20
Søn 12-20

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01



Tlf. 913 03 491

geir@effektivtrafikk.no
www.effektivtrafikk.no



Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no



- vi gir morgendagen nye muligheter

SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 56 59 43 00



VAKSDAL BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørande dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66



HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

www.vangen-elektriske.no

GRAVMINNER



• Navntilføyelser • Omslip
Restaurering • Bolting • Opprettning

Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

S
STEINRIKET
DALE AS

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

SLEKTERS GANG



DØYPTE

Dale

28.01 Agnes Marie Nielsen-Lilletvedt

Vaksdal

21.01 Milian Rosseland Kleiveland

11.02 Emrik Aga Larsen

Stamnes

03.12 Lukas Børhaug

11.02 Johannes Nottveit Simmenes



VIGDE

Bergsdalen

09.02 Anita Meland Sigurdson og Frode Aschehoug

Dale

28.01 Vibecke Nielsen og Ruben Lilletvedt



DØDE

Dale

09.12	Kjetil Bruvik	1962
21.12	Harald Ingvar Jordal	1938
23.12	Kitty Utskott	1924
18.01	Ingeborg Johanna Balestrand	1924
05.02	Arnold Lie (gravlagt på Bolstadøyri)	1933
13.02	Magny Søhol	1944
19.02	Åse Kari Eikemo Strømme	1944

Eksingedalen

31.12	Randi Tislevoll (gravlagt på Flatekval)	1935
-------	--	------

Nesheim

30.12	Albert Gullbrå	1942
17.02	Lilly Johanna Nese	1936

Stamnes

14.01	Roald Hallstein Leiren	1937
-------	------------------------	------

Vaksdal

31.12	Torbjørn Hvidsten	1946
22.01	Asbjørn Olsen	1958
24.01	Kåre Hammer	1934
07.02	Gunnvor Herdis Stavenes	1925
22.02	Kristina Thomassen	1948

DET SKJER I BEDEHUSA:

Vaksdal bedehus

Storsamling søndag kl. 11.00

(Kl. 11.30: Søndagsskule i kjellaren)

18. mars, 8. april, 13. mai, 10. juni

Møteveke 13.-18. mars. Talar: Dagfinn Brandsæter. Tysdag kl.19.00. Sangkveld v/ Alv Magnus Tysse. Andakt. Onsdag kl.19.00. Song: Kyrkjekrinsen musikklag. Torsdag kl.19.00. Song:Tertnes musikklag. Fredag kl.19.00. Song: Kilden Laurdag kl.18.00. Song: Ytre - Arna musikklag. Søndag kl.18.00. Song: Søskenparet Miriam og Joel Dyrhovden. Enkel servering etter møta. Kollekt. Alle er velkomne! *Norsk Luthersk Misionssamband*
1. mai kl. 17.00: Basar

Stanghelle bedehus

BIBELHELG 17. og 18. mars kl. 18.00 ved Christian Skoge

Onsdag 23. mai kl. 19.00. Møte ved Vegard Hetlebakke

Dale bedehus

Onsdag 7. mars kl. 19.00. Møte ved Asle Hetlebakke

Onsdag 11. april kl. 19.00. Møte ved Vegard Hetlebakke

Onsdag 25. april kl. 19.00. Bibeltime ved Ottar Dalseid

Torsdag 17. mai kl. 18.00. Fest. Variert program. Servering.

Onsdag 13. juni kl. 19.00. Møte ved Sigrid Romarheim Eide

VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 18. mars - Maria bodskapsdag

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

Søndag 25. mars - Palmesøndag
EKSINGEDELEN KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Bø. Nattverd. Utdeling av Nytestamente til 11-åringane i Eksingedalen. Kyrkjekaffi. VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Torsdag 29. mars - Skjærtorsdag

EIDSLAND KAPELL kl. 10.30. Orgelresitasjon.

Kl. 11.00. Nattverdsgudsteneste. Kvamsøe.

DALE KYRKJE kl. 18.30. Orgelresitasjon.

Kl. 19.00. Nattverdsgudsteneste. Kvamsøe.

Fredag 30. mars - Langfredag

STAMNES KYRKJE kl. 10.30. Orgelresitasjon.

Kl. 11.00. Pasjonsgudsteneste. Bø. Nattverd.

Søndag 1. april - Påskedag

DALE KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal, Dale og Stamnes sokn. Kvamsøe. Dåp. Nattverd.

Forsongarar møter kl. 10.00.


NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

Kyrkjekaffi. Forsongarar møter kl. 10.00.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 20.00. Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Forsongarar møter kl. 19.00.

Måndag 2. april - 2. Påskedag

Ingen gudsteneste i Vaksdal



VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 8. april - 2. søndag i påsketida
Ingen gudsteneste i Vaksdal

Søndag 15. april - 3. søndag i påsketida
EKSINGEDEALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.
Baby- og småbornssong i sakristiet. Kyrkjekaffi.
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd.

Søndag 22. april - 4. søndag i påsketida
DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.
STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd.

Laurdag 28. april
EIDSLAND KAPELL kl. 12.00. Konfirmasjon. Bø. Dåp.

Søndag 29. april - 5. søndag i påsketida
VAKSDAL KYRKJE kl. 18.00. Ung Messe. Bø, Kvamsøe, og konfirmanterne i Vaksdal, Dale, Bergsdalen og Stamnes. Nattverd.

Tysdag 1. mai
DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe.

Laurdag 5. mai
DALE KYRKJE kl. 12.00. Konfirmasjon. Kvamsøe. Dåp.

Søndag 6. mai - 6. søndag i påsketida
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Bø. Dåp.
DALE KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Kvamsøe. Dåp.

Torsdag 10. mai - Helgetorsdag
SKIPSHELLEREN (Stamnes) kl. 12.00. Friluftsgudsteneste. Bø.

Søndag 13. mai - søndag før pinse
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Bø. Dåp.

Torsdag 17. mai - Grunnlovsdagen
VAKSDAL KYRKJE kl. 10.00. Gudsteneste. Vikar.
DALE KYRKJE kl. 10.30. Gudsteneste. Kvamsøe.
STAMNES KYRKJE kl. 12.00. Familiegudsteneste. Vikar.
EIDSLAND KAPELL kl. 12.30. Familiegudsteneste. Kvamsøe.

Søndag 20. mai - Pinsedag
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for Dale,
Stamnes og Vaksdal sokn. Bø og Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi. Forsongarane møter kl. 10.00.

Måndag 21. mai - 2. Pinsedag
Ingen gudsteneste i Vaksdal

Søndag 27. mai - Treeiningssøndag
BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00 Konfirmasjon. Kvamsøe. Dåp. Kyrkjekaffi.

Søndag 3. juni - 2. søndag i treeiningstida
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Kvamsøe. Dåp. Kyrkjekaffi.
VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

Søndag 10. juni - 3. søndag i treeiningstida
FITJAVATNET / NORDVIKSÆTER kl. 12.00.
Fitjavasstemna. Vogel. Matøkt (medbragt mat).
AGNARVIKA (Stanghelle) kl. 16.00. Familiegudsteneste. Kvamsøe

Dåp = Høve til dåp i gudstenesta.

Endringar kan koma. Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag og på www.vaksdal.kyrkja.no og for eventuelle endringar.



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsom

bunadsølv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no